



Vinnarbilete i fotokonkurransen vår i mai. Foto: Bente Semmingsen Fivesdal.

## NORDHORDLAND BIOSFÆREOMRÅDE

### Informasjonsbrev - juni 2016

Det har vore eit aktivt halvår for Biosfæreprosjektet. Vi har sett i gong dei første prosjekta, jobba tett med UNESCO for å sette Nordhordland på kartet og etablert kanalar for å gjere prosjektet meir kjend. Mykje av arbeidet har likevel gått med til hovudsøknaden. Det handlar både om å få på plass det formelle, men viktigare – å sikre at prosjektet vert godt forankra og fyller sentrale oppgåver for heile regionen.

Den vesle administrasjonen ser at oppgåvene vert meir krevjande, fordi vi etter kvart både skal administrere aktivitetane vi har sett i gong, og at vi på same tid utviklar prosjektet vidare. Det er difor godt å kunne registrere stor oppslutnad og vilje til å bidra frå alle som er engasjert.

I dette informasjonsbrevet har vi prøvd å summere opp det viktigaste, men ta gjerne kontakt om du vil vite meir.

#### Prosjektarbeid

I tråd med UNESCO sine retningslinjer har vi bestemt at biosfæresatsinga skal vekse fram basert på lokale ønsker og initiativ. Prosjekta vi jobbar med vert difor viktige. Vi har i dag tre typar prosjekt: Prosjekt der initiativet har kome frå personar eller organisasjonar i regionen, prosjekt som vi sjølve har tatt initiativ til og prosjekt som allereie er i gang, men som det har vært naturleg å gjere til biosfæreprosjekt fordi oppgåvene er knytt til det som er målet for biosfæresatsinga. Her er dei viktigaste:

- **Smaken av Nordhordland – lokalmat-satsing**  
Prosjektet skal fremje lokal mat og kultur. Vi har god framdrift og søker no finansiering frå Fylkeskommunen. Vi inviterer mat produsentar og lokalmat-entusiastar til inspirasjonssamling 29. juni saman med Røros Mat.
- **Heilskapleg forvaltning av landskapet**  
Skal gjere Nordhordland til sentrum for god forvaltning av kystlandskapet med særleg fokus på handtering av gjengroingsproblematikk. Forprosjektet er no fullfinansiert og vil starte opp for fullt etter sommaren.

- **Berekraftig reiseliv EU-prosjekt**  
Skal bidra til utvikling av eit berekraftig reiseliv i regionen. Saman med biosfæreområder/ regionalparkar i Sverige, Finland, Skotland, Grønland og Island, skriv vi på hovudsøknad som har innleveringsfrist 30. september.
- **Ullveka – satsing på norsk ull**  
Kan Nordhordland ta ein posisjon i arbeidet med å fremje og foredle Norsk Ull? Arrangørane av Ullveka ønskjer å vere ein del av biosfæresatsinga og har gjort mykje godt og spennande arbeid. Mellom anna er dei med i eit stort forskingsprosjekt for å fremme norsk ull. Vi arbeidar saman med dei for å løfte satsinga og samle kompetansemiljøet – som er stort i Nordhordland.
- **Omdømme – felles marknadsføring**  
Vi har samla eit utval av dei som jobbar med kommunikasjon i kommunane i regionen for å sjå kva som kan gjerast for å styrke Nordhordland sin merkevare. Vi håper å kunne bygge opp felles infrastruktur (mellom anna med ei felles fotodatabase og presentasjonsmaterieill som alle kan nytte), og vil prøve å bidra til at regionen blir meir synleg.
- **Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda**  
Korleis handtere overskotsmassar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn på ein god måte for innbyggjarar og miljø? Kommunane Austrheim, Lindås og Meland har i samarbeid med Region Nordhordland jobba med denne problemstillinga og utvikla kurs for bønder og entreprenørar og ein erfaringsbasert rettleiar for kommunal forvaltning. Fokuset er på berekraftige løysingar og det er planlagt tettare oppfølging mot biosfæresatsinga.

### **Søknaden om å bli biosfære-kandidat**

Biosfæreprosjektet er inne i sitt tredje år, men formelt har vi enno ikkje fått klarsignal frå regjeringa til å bli det som kallast biosfærekandidat. Det kommer av at vi er dei første i Norge som søker om slik status, og styresmaktene har først no fått på plass eit organ - Den norske MAB-komiteen – som kan handsame søknaden vår. Komiteen har hatt to møter, sist no i mai, der dei har diskutert grunnlaget for å kunne handsame søknader om å bli biosfæreområde-kandidat. På møtet vart det bestemt at søknaden frå oss skal handsamast på neste møte i komiteen, som vert i haust: 12. – 13. oktober. Dei ønskjer då å leggje møtet til Nordhordland og få ei omvising i det planlagde biosfæreområdet. Vi skal sjølvsgagt, saman med leiaren i komiteen, lage til eit godt og informativt besøk for dei.

Det at komiteen ikkje kan handsame forstudien vår før i oktober, får konsekvensar for framdrifta i prosjektet. Nasjonane har ein frist for å levere Biosfæreområde-kandidatar til UNESCO, som er 30. september kvart år. Vi hadde planlagt å rekke fristen i 2017, men då måtte vår søknad vore sendt frå Nordhordland ved årsskiftet 2016/2017. No er planen at søknaden frå Nordhordland skal sendast inn i september 2018. Vi håpar på utnemning som eit UNESCO Biosfæreområde i 2019.

### **Hovudsøknaden**

No har vi arbeida lenge med hovudsøknadsarbeidet. Det er eit omfattande skjema med spørsmål frå dei heilt enkle – som web-adressa vår – til dei omfattande, som oversikt over biologisk mangfald og forvaltning av biosfæreområdet. Det er Peter Emil Kaland og UiB som er ansvarleg redaktør for skrivearbeidet og fleire aktørar har starta på arbeidet med å bidra til sluttproduktet.

Ein viktig del av søknaden er soneinndelinga i biosfæreområdet. Dei utvalde kjerneområda (områder som alt er verna) skal vere knytt til bufferpersoner. Resterande areal vert kalla utviklingssoner. Utfordringa er å ha tenlege bufferpersoner rundt dei utvalde kjerneområda. Dette er eit arbeid vi har jobba mykje med. Vi har

vore i møte med Miljødirektoratet og saman har vi søkt råd hjå UNESCO i Paris. Vi vil sikre at vi er innafør regelverket og at UNESCO kan godta forslaga våre, før vi går i dialog med dei kommunane det gjeld. Vi meiner vi skal kome fram til gode løysingar i dette arbeidet.

### **Verdskongress for 'Man and Biosphere'-programmet**

Verdskongressen for MAB-programmet gjekk av stabelen i Lima i april i år. Nordhordland var ein av fem pilotar som presenterte arbeidet vi har gjort med UNESCO for å utvikle ein felles merkevare og marknadsføring av biosfæreområda.

Det viktigaste arbeidet på verdskongressen var handsaming og innspel frå kongressen til den nye tiltaksplanen for MAB-programmet. Tiltaksplanen vart anbefalt med sær mange viktige aksjonspunkt for programmet framover, og vi er glade for at den nye retninga for programmet i stor grad harmonerer med planane vi har for Nordhordland.

### **Kommunikasjon, informasjon - fotokonkurranse**

At vi no har eiga nettstad og Facebook-side gjer at vi når ut til fleire. For å skape merksemd om sida vår, bygge vidare på lokal identitet og bygge ein regional fotodatabase satt vi frå januar i gang ein fotokonkurranse om gode motiv frå Nordhordland. Den vil halde fram gjennom heile 2016. Premieringa kvar månad er knytt til lokalmat – og samarbeidet med matprodusentar og serveringsstader har vore veldig bra. Vi er nøgd med deltakinga som har vore stigande gjennom halvåret som har gått!

### **Planar for hausten 2016**

Vi ser alt no at hausten blir hektisk. Fleire prosjekt skal i gang og det blir stadig meir arbeid med hovudsøknaden. I oktober skal vi vere verter for to viktige møter. Først kjem den Norske MAB-komiteen – og vi vil vise fram det beste frå regionen vår. Det vil vi og når vi i slutten av Oktober tar imot representantar frå alle dei andre biosfæreområda i Norden til det årlege NORMAB-møtet. Vi gler oss.

God sommer frå arbeidsgruppa!

Kari Evensen Natland  
Prosjektleder